

Start lørdagen med gratis festivalfrukost.

29.07.2013



Karoline Neset(Systrene Nilsen) og Gunn Mari Moberg(Spar Uskedalen) inviterer alle til gratis frukost, og Festidalen-leiar Bjørn Olav Tveit set stor pris på initiativet.

I samband med Festidalen inviterer Systrene Nilsen og Spar Uskedalen alle til stor, gratis festivalfrukost lørdag. Frukosten er på Systrene Nilsen, og den startar kl. 10 og varer i 2 timer. Invitasjonen går til alle, - båtfolk, campingturistar, festivaldeltakarar og lokalbefolkingen elles.

Gunn Mari Moberg ved Spar Uskedalen og Karoline Neset ved Systrene Nilsen lovar mykje godt på frukostbordet, og dei håpar mange set pris på det og tar mot invitasjonen. På den måten håpar dei å gje mange ein flott start på festivallørdagen.

- Det er jo fest i bygda, seier dei to, og legg til at etter måltidet kan kvar og ein velgja om dei vil gå på Festifjellet, vera på Småstjerner på Systrene Nilsen eller gjera noko anna.

Appropos Småstjerner så seier Karoline at det framleis med glede tar mot påmeldingar. Dei som har lyst å delta, kan kontakte Systrene Nilsen.

Bjørn Olav Tveit i Festidalen-leiinga set stor pris på initiativet frå Spar Uskedalen og Systrene Nilsen.

- Dette vert ein flott start på festivallørdagen. Vi set svært stor pris på at dei steller i stand ein storveis frukost. Dette er nok eit eksempel på den fantastiske velviljen Festidalen opplever i lokalmiljøet, seier den fornøgde leiaren som er i full gang med riggingsarbeid m.m. til ei flott Festidalen-helg som startar på torsdag.

**Systrene Nilsen og Spar Uskedalen seier:
Velkommen til frukost på Systrene Nilsen lørdag kl. 10 - 12.**

Av: Thor Inge Døssland